



# Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018 - 2019





# Eit sterkt Vestland!

Hordaland står for den største delen av eksporten frå Noreg og har sterke tradisjonar for internasjonal samhandling. Endringar globalt har stor påverknad på utviklinga på Vestlandet. I møte med nye utfordringar må vi vere offensive, framtidsretta og i kompetent dialog.

Med ei stadig aukande sysselsetjing i Hordaland ser vi med optimisme på framtida. Vi nyttar stadig meir pengar på forskning og utvikling og menneskja som bur i fylket har høg kompetanse. Hordaland er landets leiande havbruksfylke med ei stadig voksende fiskerinæring og ei maritim klynge med omsetnad på godt over 100 milliardar kroner. Dei tendensane vi ser no tyder på meir samarbeid mellom dei viktige kompetansmiljøa i klyngene.

Hordaland er ein attraktiv reiselivsdestinasjon med fleire viktige turistmål. Dei fleste av turistane reiser til Bergen, men vi ser at det er vekst også i distrikta og reiselivsregionane. Det forventast at det i framtida vert større etterspurnad og sysselsetjing innan reiselivsnæringa.

Globalt vert det grønne skiftet førande for samfunnsutviklinga. Vår evne til endring og nytenking er avgjerande for ein berekraftig region. Ei heilskapleg utvikling for auka sysselsetjing og attraktive samfunn føreset brei kompetanse og samordna planlegging. Gjennom auka digitalisering og integrering får vi tilgang til nye ressursar i samfunnsutviklinga.

Vestlandsfylka har alltid hatt eit nært og godt samarbeid. Den robuste og samhandlande regionen vil vere vår styrke for framtidig utvikling. Saman med Sogn og Fjordane er vi i prosess med å byggje eit nytt, sterkt vestlandsfylke med stort utviklingspotensial. Det nye fylket vert ein styrka ressurs for Vestlandsregionen, nasjonen og i regionens internasjonale samhandling.



Anne Gine Hestetun  
Fylkesordførar

# INNHALD

<b>EIT STERKT VESTLAND!</b> .....	<b>3</b>
<b>TETT SAMARBEID OG GOD KOORDINERING AV VERKEMIDDELBRUKEN</b> .....	<b>5</b>
<b>KORT OM HANDLINGSPROGRAMMET</b> .....	<b>7</b>
<b>OM RESULTATMÅL</b> .....	<b>9</b>
<b>GJENNOMGÅANDE TEMA I HANDLINGSPROGRAMMET</b> .....	<b>9</b>
Langsiktig omstillingsevne .....	9
Grøn konkurransekraft.....	10
Digitalisering .....	10
Integrering .....	10
Kompetanse og karriererettleiing .....	11
Regionsenter og lokalsamfunnsutvikling .....	11
<b>HOVUDSTRATEGI - ENTREPRENØRSKAP OG INNOVASJON</b> .....	<b>12</b>
<b>HOVUDSTRATEGI - RELEVANT KOMPETANSE</b> .....	<b>13</b>
<b>HOVUDSTRATEGI - HEILSKAPLEG SAMFUNNSUTVIKLING</b> .....	<b>14</b>
<b>BRANSJAR MED SÆRSKILT FOKUS</b> .....	<b>15</b>
<b>BUDSJETT FOR 2018</b> .....	<b>16</b>
<b>ORDLISTE</b> .....	<b>18</b>

# Tett samarbeid og god koordinering av verkemiddelbruken

Handlingsprogrammet, som tidlegare har vore rullert kvart år, er no gjeldande for to år. Plan- og bygningslova opnar for dette, og årsaka er den pågåande samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane til det nye Vestlandet. Hordaland fylkeskommune ønskjer på grunn av dette å nytte ressursane på strategisk planlegging saman med Sogn og Fjordane i 2018, i staden for ny revisjon av handlingsprogrammet for nærings- og lokalsamfunnsutvikling i Hordaland. Naudsynte justeringar i høve til budsjettet for 2019 må likevel gjennomførast i 2018.

Handlingsprogrammet for 2018-2019 er utarbeidd av fylkeskommunen med støtte frå ei ressursgruppe sett saman av Odda kommune, Bergen kommune, Innovasjon Norge, Fylkesmannen i Hordaland, Høgskulen i Bergen og Maritime CleanTech. I tillegg har det vore samarbeid med relevante avdelingar internt. Regionalt næringsforum har vore styringsgruppe, trekt opp rammene for arbeidet og handsama utkast til plan. Dei har også gitt si tilråding til fylkesutvalet før endeleg godkjenning.

Regional utvikling krev langsiktig innsats og tett samarbeid mellom fleire aktørar. Korleis vi samarbeider er også viktig for dei resultatane vi når. Næringsutvikling kan vera krevjande, både når det gjeld finansiering, kapasitet og kompetanse. Gode resultat krev difor kunnskap og god koordinering frå fleire verkemiddelaktørar. Eit konstruktivt samarbeid bidreg til at dei regionale- og distriktpolitiske måla blir nådde i større grad.

Når det gjeld gjennomføringa av handlingsprogrammet er medlemmene i Regionalt Næringsforum (RNF) dei viktigaste samarbeidspartnarane. I fellesskap skal denne partnerskapen bidra til samordna innsats for å fremje nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland. Måla skal nåast ved utvikling av ei mest mogeleg koordinert og effektiv forvaltning av dei offentlege ressursane retta mot næringsutvikling, arbeidsmarknad og utdanning i Hordaland.

For å få god forankring for den regionale utviklinga er RNF sett saman av leiinga for Innovasjon Norge Hordaland, NHO Hordaland, LO Hordaland, KS i Hordaland, Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland, UiB, NAV Hordaland samt næringssejef i Bergen kommune og den regionale representanten for Norges forskingsråd. Frå fylkeskommunen deltek regionaldirektøren, som også leiar RNF, næringssejefen og to representantar frå fylkesutvalet.

Hordaland fylkeskommune har i tillegg ulike samarbeidsavtalar og partnerskap med ei rad aktørar som er vurdert som strategisk viktige for næringsutviklingsarbeidet i fylket. Desse aktørane har samarbeidsavtaler med fylkeskommunen om å arbeida med mål og strategiar i næringsplanen, og prioriterte innsatsområde i handlingsprogrammet.

## **Næringsretta partnerskap med støtte frå budsjettposten «Driftsstøtte/eigarskapsforpliktingar»**

- Bergen Vitensenter           kr 3 000 000
- Fjord Norge AS               kr 3 000 000
- Invest in Bergen             kr 3 600 000
- Etablerarsenteret           kr 2 700 000

## **Næringsretta utviklingsaktørar med støtte frå budsjettposten «HNH statlege overføringar»**

- Atheno                         kr 600 000
- Nyskapingsparken BTO       kr 700 000
- Industriutvikling Vest       kr 600 000

## Næringsretta utviklingsaktører over budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar» for 2018

• Reiseliv: fellesoppgåver	kr 600 000
• Nordhordland IKS	kr 230 000
• Samarbeidsrådet i Sunnhordland	kr 230 000
• Gode Sirklar	kr 330 000
• Osterfjorden	kr 130 000
• Hardangerrådet IKS	kr 230 000
• Western Norway Film Commission	kr 588 000
• Maritime Bergen	kr 320 000
• Design Region Bergen	kr 420 000
• HOG Energi	kr 500 000
• Impact Hub Bergen	kr 420 000
• Connect Vest	kr 500 000
• Mediefondet Zefyr	kr 800 000
• Ungt Entreprenørskap i Hordaland	kr 400 000
• Matarena AS	kr 150 000
• NCE Seafood Innovation Cluster	kr 100 000
• Mediekuben – BTO	kr 400 000
• NCE Maritime CleanTech	kr 300 000
• NCE Media	kr 100 000
• GCE Subsea	kr 100 000
• Næringshagen på Voss	kr 50 000
• Næringshagen i Nordhordland	kr 50 000
• Næringshagen i Gulen og Masfjorden	kr 50 000

Hordaland fylkeskommune samarbeider også om innovasjon og næringsutvikling med aktører utanom eige fylke. Regionalt forskingsfond Vestlandet (RFF Vestlandet) er eit samarbeide mellom fylkeskommunane i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. RFF Vestlandet mobiliserer til forskning, og lyser ut midlar til innovasjonsprosjekt i bedrifter og kommunal sektor. Fondet har i 2018 eit budsjett på 36,8 millionar kroner.

I tillegg er det etablert eit samarbeid om mobilisering til forskingsbasert innovasjon i bedrifter i Hordaland med Christian Michelsen Research, Bergen Teknologioverføring og Høgskulen på Vestlandet i prosjektet MobiFORSK. Satsinga er eit treårig samarbeid med Innovasjon Noreg og Norges Forskningsråd og har eit totalbudsjett på 9 mill. kroner. Norges forskningsråd bidreg totalt med kr 7,65 mill. kroner. Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-19 blei handsama av fylkesutvalet 21. februar 2018. Følgjande vart vedteke:

1. Fylkesutvalet vedtar «*Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-2019*».
2. Handlingsprogrammet som tidlegare har vore rullert årleg, skal no gjelda for 2018 og 2019. Naudsynte justeringar i høve til budsjettet for 2019 må likevel gjennomførast i 2018
3. Det vert sett av 3 mill. kroner til dei regionale etablerarfonda. Etablerarfonda er ei tilskotsordning til etablerarar og ny næringsverksemd. Desse midlane er fordelte til samarbeidspartnarar slik at Sunnhordland får 594 000 kroner og Hardanger får 438 000 kroner. Bergensregionen, dvs. Hordland fylke utanom Sunnhordland og Hardanger, får tilgjengeleg 1 968 000 kroner.
4. Omstillingsutvalet vert styringsgruppe for 9.0 mill. kr som er sett av til omstilling.

# Kort om handlingsprogrammet

## Dei statlege føringane

Statsbudsjettet 2018 vart lagt fram 12. oktober 2017. Måla for programkategori 13.50 blei endra frå 2017. Den nye målstrukturen tydeleggjer den geografiske målrettinga av budsjettmidlane – med eitt hovudmål for distriktpolitikk og eitt for regionalpolitikk.

**Tabell 1:** Nye mål for programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

Hovudmål	Delmål
1. Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta	1.1 Eit verdiskapande næringsliv i områder med spreidd busetting og store avstandar 1.2 Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i områder med særlege distriktsutfordringar 1.3 Tilgang til grunnleggjande private tenester i områder med få innbyggjarar
2. Omstillingsdyktige regionar	2.1 Velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse 2.2 Økonomisk vekst og samarbeid i byregionar og over landegrensene 2.3 Nye arbeidsplassar i område som er ramma av vesentleg reduksjon i sysselsetjinga

Nasjonale forventningar til berekraftig utvikling og verdiskaping med fokus på miljø, økonomi og sosiale tilhøve er også førande for næringsplanen og handlingsprogrammet for næringsutvikling. I næringsplanen har Hordaland fylkeskommune definert berekraftige verksemder som verksemder som er økonomisk levedyktige, tek samfunnsansvar i høve til miljø, og som er medvitne sitt sosiale ansvar lokalt og globalt.

## Dei regionale føringane

«Utviklingsplan for Hordaland – Regional planstrategi 2016-2020», som vart vedtatt av fylkestinget i desember 2016, er den felles og overordna strategien for utvikling av Hordaland. I denne planen er det eit langsiktig mål at Hordaland skal vera berekraftig, attraktivt og nyskapande. Planen har fylgjande hovudmål med tilhøyrande strategiar for nærings- og samfunnsutviklinga i Hordaland:

### Høg sysselsetjing

- Auke nyetablering og framtidretta verdiskaping i næringslivet
- Betre samhandlinga innan utdanningssektoren og mellom utdanningssektoren og regionalt arbeidsliv
- Auke forskning som verktøy for marknadsretta innovasjonar i arbeids- og næringsliv

### Eit inkluderande samfunn

- Betre trivsel og kvalitet i grunnskule og vidaregåande skule for å auke gjennomføringa
- Styrke inkludering gjennom frivillige organisasjonar i nærmiljø
- Utvikle meir attraktive og funksjonelle regionale senter

### Ei klima- og miljøvenleg utvikling

- Redusera klimagassutslepp/luftforureining frå transportsektoren og energiforsyning i bygningar
- Styrke samordning av areal- og transportplanlegging i Bergensområdet
- Tydlegare planstyrt og meir langsiktig og balansert forvaltning av areal, natur- og kulturminneressursar

### Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

- Utvikle ein framtidretta folkevald region
- Styrke gjennomslagskraft i Europa
- Styrke regionale transportsamband og digital infrastruktur

Handlingsprogrammet for næring og samfunnsutvikling er i tillegg forankra i «Regional næringsplan for Hordland 2013-2017», som vart vedtatt av fylkestinget i juni 2013. Handlingsprogrammet er strukturert slik at det årleg prioriterer konkrete innsatsområde knytt til kvar av dei tre hovudstrategiane frå næringsplanen som er: *Meir entreprenørskap og innovasjon*, *Fleire med meir relevantkompetanse* og *Heilskapleg samfunnsutvikling*. Denne planen er forlenga inntil vidare, og vil etter kvart verta rullert og tilpassa prosessen med å foreina Hordaland og Sogn og Fjordane til det nye Vestlandet.

«Regional plan for kompetanse og arbeidskraft», som vart vedtatt av fylkestinget i oktober 2017, er også viktig for handlingsprogrammet. Det overordna målet i denne planen er å skapa «betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Hordaland gjennom eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane.» For å få dette til er det vedtatt fylgjande hovudmål:



1. Arbeidslivet i Hordaland skal ha naudsynt kompetanse for å kunne møte framtidige omstillingsbehov
2. Arbeidslivet skal ha tilgang til tilstrekkeleg og relevant arbeidskraft for å kunne oppretthalde drifta og ekspandere etter behov:
3. Innbyggjarane i Hordaland skal ha tilstrekkeleg tilgang til profesjonell, offentleg og gratis karriererettleiing, med vekt på karrierelæring, i den livsfasen dei er i.

Andre regionale planar vedteke av Hordaland fylkeskommune som legg føringar for handlingsprogrammet er:

- Klimaplan for Hordaland 2014-2030
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026
- Regional plan for folkehelse 2014-2025
- Regional transportplan Hordaland 2013–2024

I tillegg er det lagt til grunn fleire strategiske styringsdokument som Hordaland fylkeskommune har utarbeidd i samarbeid med andre aktørar knytt til forskingsmiljø, utdanningsinstitusjonar og næringsliv:

- Regional forskingsstrategi Hordaland 2015-2019
- Landbruksmelding for Hordaland 2018-2022 (vedtak i 2018)
- Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020
- Regional kulturplan 2015-2025
- Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013 – 2020.
- Marin Strategi for Vestlandet 2014 – 2020.
- Strategi for utvikling og drift av næringsshagar i Hordaland. FUV 13.10.2011

Handlingsprogrammet prioriterer innsatsen og er styrande for bruken av næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland. I tillegg gir det føringar for andre offentlege etatar sitt utviklingsarbeid i fylket. Målgruppa for programmet er private og offentlege utviklingsaktørar samt nettverk og organisasjonar som Hordaland fylkeskommune samarbeider med.

Prosjekt og tiltak som skal finansierast vil bli vurdert i lys av prioriteringane og føringane i handlingsprogrammet og føringane frå KMD. Forvaltinga av verkemidla er delt mellom Hordaland fylkeskommune og Innovasjon Noreg (IN). Fylkeskommunen handsamar prosjekt og søknader av tilretteleggjande karakter, medan søknader om støtte til bedrifter blir handsama av IN. Hordaland fylkeskommune har hovudansvaret for «*Handlingsprogram for næring og samfunnsutvikling i Hordaland*», men både utarbeidinga og gjennomføringa skjer i nært samarbeid med verksemdar, bransjeorganisasjonar, næringsforeiningar, kommunar, forskings- og utdanningsinstitusjonar, regionråd og regionale og statlege verkemiddelaktørar.





## Om resultatmål

I handlingsprogrammet er det sett opp resultatmål knytt til kvar hovudstrategi, der indikatorane er basert på tilgjengeleg statistikk. Resultatmåla og indikatorane ligg faste i planperioden for å kunne måle endring. Desse skal danne ein del av grunnlaget for vurdering av resultat og effektar av innsatsen i næringsplanen og handlingsprogram og gir grunnlag for revisjon av Regional næringsplan.



## Gjennomgåande tema i handlingsprogrammet

### **LANGSIKTIG OMSTILLINGSEVNE**

I åra framover må det norske samfunnet gjennom ei omfattande omstilling for å møte utfordringane med fallande oljeinntekter, færre yrkesaktive bak kvar pensjonist og behovet for eit grønt skifte. Offentleg forvaltning må også vera omstillingsdyktig og bruka ressursane effektivt og i samsvar med endringane som er påkravd. Aukande trykk på effektivisering i arbeidslivet gjennom digitalisering, automatisering og bruk av IKT, gjer at det også er venta auka konkurranse om arbeidskraft mellom næringar og regionar. Utvikling av langsiktig omstillingsevne blir difor viktig for at Hordaland skal få tilgang på kompetanse som gjer fylket i stand til å satsa på samferdsel, forskning, utvikling og innovasjon i arbeidsliv og lokalsamfunn.

Det er mykje kompetanse innanfor olje og gassindustrien som kan brukast inn mot områder som marin sektor, helse- og omsorgsteknologi, smarte samfunn, rein energi, samferdsel m.m. Samstundes er det veldig vanskeleg for kvar einskild av dei relativt små teknologi- og tenesteleverandørane å etablere seg med nye produkt i ein ny marknad eller bransje. Samarbeid og betre koordinering av individretta-, bedriftsretta- og regionale utviklingsmidlar vil gje meirverdi i dette arbeidet. For å få til bærekraftig omstilling er det også naudsynt med meir forskingsbasert kunnskap. Særleg viktig blir det å løfte fram samspelet mellom næringsliv, offentlig sektor og FoU-miljøa for å styrka innovasjonsevna.

Hordaland fylkeskommune har leiaransvaret for strategisk samordning regionalt og skal vere ein mobiliserande og koordinerande aktør overfor kommunane, regionale aktørar, næringsliv og anna samfunnsliv i Hordaland. Det er viktig at det internasjonale arbeidet er ein integrert del av arbeidet med å fremje ein omstillingsdyktig region.

## GRØN KONKURRANSEKRAFT

Utfordringar knytt til klima og miljø og trong for å utvikla næringslivet inn i eit «grønt skifte» er eit viktig satsingsområde. I 2018 er minst 1,5 mill. kroner øyremerkt satsingar som skal styrkje grøn konkurransekraft i næringslivet. Her opnar det seg moglegheiter for næringsutvikling på områder som grøn datalagring, smarte samfunn, rein mat, alternativ energiproduksjon, nye reiselivsprodukt, betre fiskehelse, bioøkonomi og energi-effektivisering. Satsinga som no skjer innan miljøvenleg ferjedrift er også interessant frå eit næringsutviklingsperspektiv. Dette kan ha eit stort potensiale for næringsutvikling knytt til skipsfart og transport i Hordaland.

Gassnova og Statoil gjekk i november 2017 inn for at det skal byggjast eit mottaksanlegg for CO<sub>2</sub> på CCB Kollsnes AS sin grunn i Øygarden. Satsinga fordrar at Stortinget gjer eit positivt investeringsvedtak i 2019. Før den tid skal det utviklast teknologi, regelverk og kommersielle rammevilkår som kan stimulere til karbonfangst og –lagring (CCS). Det norske CCS-prosjektet vil innebera eit samarbeid mellom landbasert industri, verkemiddelapparat og selskap med offshore-kompetanse. Samarbeid og kunnskapsspreiing er avgjerande for å akselerere utviklinga av ein marknad for CO<sub>2</sub> fangst og lagring. Eit framtidig CO<sub>2</sub>-lager vil også bidra til å realisere ein hydrogenmarknad. Hydrogen produsert frå naturgass gir CO<sub>2</sub> som biprodukt. Med ei regional verdikjede for fangst, transport og lagring av CO<sub>2</sub>, ynskjer Hordaland fylkeskommune å undersøke nærare potensialet for ei fullskala verdikjede for hydrogen, som energiløysing med stort potensial innanfor både kraft, oppvarming og transport.

Parallelt med satsinga som omhandlar ei grøn verdikjede basert på hydrogenproduksjon frå fossile kjelder med CO<sub>2</sub> fangst og deponering, er det rom for ei satsing på hydrogenproduksjon via elektrolyse (spalting av vatn) med fornybarkraft (vankraft, vind, sol) som energikjelde til elektrolysen. Denne produksjonsforma er tilnærma utsleppsfri. Vestlandet har mykje vannkraft, og dermed også store fortrinn når det gjeld utvikling av grøn konkurransekraft i næringslivet.

## DIGITALISERING

Behovet for breiband med høg kapasitet aukar i alle delar av samfunnet, og ikkje minst hos dei som ikkje har tilgang til fiber. Fiber er fundamentet for digitalisering av Norge, og det er viktig å leggja til rette for at innbyggjarar og næringsliv i fylket vårt skal få utvikla naudsynt kompetanse på dette området.

Nasjonal Kommunikasjonsmyndighet (Nkom) har vist at Hordaland manglar naudsynt fiberoptisk kjernenett inn og ut av regionen, og inn og ut av landet. Dette er ei utfordring knytt til tryggleik og beredskap, og skadeleg for utviklinga av næringslivet i Hordaland. For å bøta på dette er Hordaland fylkeskommune og Invest in Bergen med i eit samarbeid med Rogaland fylkeskommune for å få på plass fiberkabel mellom Vestlandet og England.

Hordaland fylkeskommune er i tillegg utfordra av Nkom og Samferdsledepartementet til å koordinere eit samarbeid mellom dei kommersielle aktørane (nettfiberselskapa) i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland. Hordaland fylkeskommune og Invest in Bergen har også eit samarbeid med kommunane i fylket for å finna eigna næringsareal for datalagring basert på grøn energi. Målet med dette samarbeidet er å betra kjernenettet for fiber i regionen. Utbetring av den digitale infrastrukturen vil også skapa ein sterk Vestlandsregion, samstundes som det vert lagt til rette for framtidretta verdiskaping i næringslivet.

## INTEGRERING

Det å kvalifisere fleire flyktingar og innvandrarar for arbeidslivet er svært viktig for integreringsarbeidet og vil betre tilgangen på kvalifisert arbeidskraft for næringslivet. I Hordaland fylkeskommune sitt budsjett for 2018 er

det øyremerkt 1,5 mill. kroner til ordning for å styrkje arbeidet med integrering av flyktingar og innvandrarak rundt om i kommunane, med særleg fokus på arbeid.

Samarbeidsavtalen mellom myndigheitene og partane i arbeidslivet om å få fleire flyktingar raskare i jobb, er eit viktig grunnlag for arbeidet med integrering. Sentrale punkt i dette samarbeidet er:

- Flyktingar skal få ei grundig kompetansekartlegging i mottaka slik at NAV og kommunen veit kva ein nyinnflytta flykting har med seg av kompetanse
- NAV skal tidligare inn: Rett etter at ein flykting er busett skal NAV og kommunen utarbeide ein individuell plan for oppfølging. Introduksjonsprogrammet treng ikkje vare i to år for alle. NAV og kommunen vel ut kandidatar og vurderer muligheter for jobb og naudsynt oppfølging.
- Lønnstilskot og oppfølgingsordningar som til dømes mentorstøtte på arbeidsplassen skal brukast meir. Lønnstilskot bør avgrensast til eitt år.

Det primære ansvaret for integrering ligg til statlege etatar og kommunane, men også fylkeskommunen har eit ansvar som regional utviklingsaktør. Integrering av flyktingar og innvandrarak vil også ha prioritet i arbeidet med «Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026» og i prosjektet LivOGLyst.

## **KOMPETANSE OG KARRIERERETTLEIING**

Næringslivet blir stadig meir spesialisert og kravet til kompetanse er aukande. Ei målretta satsing på utdanning og livslang læring er viktig for å ruste næringslivet for framtida. For å styrka dette arbeidet har Hordaland fylkeskommune integrert Karriere Hordaland i regionalavdelinga. Karriere Hordaland er eit offentleg tilbod om gratis karriererettleiing for vaksne over 19 år og busett i Hordaland. Førebels er det karrieresentre i Sunnhordland og i Bergen. I løpet av vinteren 2018 vert det også karriererettleiing i Nordhordland. Tilbodet skal hjelpe dei som står framfor val innan utdanning, opplæring og arbeid. God karriererettleiing vil bidra til betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter arbeidskraft i den regionale arbeidsmarknaden. Dette krev betre samarbeid mellom utdanningsaktørar, arbeidslivet og offentlege myndigheiter.

## **REGIONSENTER OG LOKALSAMFUNNSUTVIKLING**

I tråd med «Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026» vil det i 2018 vektleggjast utviklingsprosjekt i regionsenter. I samsvar med regional planstrategi vil eit regionsenterforum ha samordning av offentleg verksemd som hovudtema. Samarbeid om auka bustadbygging i regionsenter vil stå sentralt. Kommunane er den viktigaste samarbeidspartnarane på dette området. LivOGLyst vert vidareført som eit prioritert tiltak innanfor lokalsamfunnsutvikling. I samarbeid med kommunane og andre eksterne aktørar vil det bli gjennomført eit tiltak for å strukturere og auke brukarvennlegheita for den samla etablerartenesta inkludert kom-an.no i fylket.

# Hovudstrategi - Entreprenørskap og innovasjon

Entreprenørskap og innovasjon oppstår når kompetanse, nettverk og kapital blir kombinert på nye måtar. Med bakgrunn i utfordringane i dei internasjonale marknadane, entreprenørskap, innovasjon og samarbeid mellom FoU og næringslivet, og med utgangspunkt i våre sterke, vekstkraftige næringsmiljø, peikar det seg ut tre område for innsats:

- **Fleire gode gründerar:** Stimulere til at fleire lukkast med å etablere eiga verksemd, og maktar å ta etableringa over i ein vekstfase. I tillegg er det eit mål å få eit verkemiddelapparat som i større grad stør opp om berekraftige verksemder og næringsmiljø.
- **Fleire vekstkraftige bedrifter:** Auka innovasjonsgrad, auka produktivitet, realisering av potensialet for lønsemd og betre konkurransekraft er avgjerande for vekst og sikring av arbeidsplassar i eksisterande verksemder i fylket. Det er også viktig å sikre verksemdene rett arbeidskraft for å unngå at drift og produksjon vert flytta utanlands.
- **Fleire innovative næringsmiljø:** Stimulere til utvikling av klynger og andre innovative næringsmiljø med vekstpotensiale. Sterkare samspel mellom FoU-institusjonar, næringslivet og offentleg sektor for å realisere eit enno større utbytte hos alle aktørane.

## Resultatmål

- Auke i talet på kandidatar med gjennomført etablerarkurs  
Etablerarsenteret hadde i perioden 2011-2016 ca 220 kandidatar på etablerarkurs årleg.  
Målet for 2018 og 2019 er å auka årleg deltaking til ca. 250 kandidatar.
- Auke i talet på nyetablerte verksemder  
I følge Foretaksregistret var talet på nyetablerte verksemder i perioden 2011-2016 ca. 3150 årleg  
Målet for 2018 og 2019 er 3200 nye verksemder årleg.
- Auke i talet på «gasselverksemdar»  
I perioden 2011-2017 har Hordaland i snitt hatt omlag 240 gasselverksemdar årleg.  
Målet for 2018 og 2019 er å få etablert nivået på omlag 250 gasselverksemdar årleg.
- Auka talet på klynger (t.d. innan ARENA, NCE, GCE, SFI-programma)  
I løpet av 2018 og 2019 er det ein målsetnad å få to nye Arena-prosjekt, ein ny NCE, eitt nytt katapultsenter og to nye SFI-program.

## Innsatsområder i 2018-2019

### Tilretteleggjande tiltak for etablerarar:

- «Kom-an-pakka». Styrka satsing på [www.kom-an.no](http://www.kom-an.no) og profilere «Kom-an» som merkevare.
- Prioritere innsats mot bedrifter i etablering – m.a. ved bruk av etablerarkurs.
- Stimulere til gründerkultur gjennom innsats i *Ungt Entreprenørskap* og sosialt entreprenørskap.
- Stimulere til entreprenørskap, m.a. gjennom Innovasjonsuken OPP, Startup Extreme og styrka samarbeid med investorar.

### Direkte støtte til bedrifter:

- Vekst i eksisterande bedrifter gjennom målretta bruk av tilskot og lån (forvalta av IN).
- Arbeide for å sikre kompetent og langsiktig kapital til nye idear og nye bedrifter, slik at fleire kjem gjennom oppstartsfasen og over i ein vekstfase.
- Mobilisere til forskingsbasert innovasjon i bedriftene, gjennom MobiFORSK, RFF Vestlandet og deltakarane i Regionalt FoU-forum.

### Nettverk og klynger:

- Bidra til å utvikle næringsklynger og koplingar mellom nettverk/klynger/næringsliv og FoU
- Stimulere prosjekt i næringsmiljø som bidreg til omstilling, innovasjon og grøn konkurransekraft
- Styrke innovasjonsevnen i næringslivet/offentlig sektor gjennom tettare kopling med FoU-miljøa.

### Internasjonalisering:

- Realisere nye- og etablerte bedrifter sitt internasjonale potensiale i samarbeid med Innovasjon Norge og ved bruk av fylkeskommunen sitt internasjonale nettverk.
- Auka fokus på fleire internasjonale næringsetableringar i heile fylket.
- Vidareføre det regionale samarbeidet om mobilisering til Horisont 2020 med eigen helpdesk.
- Arbeide for å utløysa verkemidlar frå europeiske utviklingsprogram (INTERREG, HORIZONT 2020, Creative Europe, EØS-fonda, o.a.)

# Hovudstrategi - Relevant kompetanse

Med utgangspunkt i utfordringar og mål i næringsplanen og dei tilbakemeldingane som kjem frå næringslivet, er det peika ut tre område for innsats som skal bidra til å redusere problema med stor mangel på kvalifisert arbeidskraft i fylket.

- **Utdanning:** Hordaland fylkeskommune skal setja regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste arbeidslivet i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov. Dette skal gjerast ved å vidareutvikle utdanningstilbod på alle utdanningsnivå. Tilbod om etter- og vidareutdanning skal også i større grad tilpassast arbeidslivet sitt behov. Innan fagutdanning er det behov for meir fleksible utdanningsmodellar med meir veksling mellom teoretisk og praktisk læring. Føremålet er at fleire elevar skal kome seg gjennom vidaregåande skule og ende opp med fagbrev, med totalt sett høgare kvalitet på utdanninga enn i dag.
- **Samarbeid om læreplassar:** Hordaland fylkeskommune skal bidra meir aktivt til at informasjon om tilgjengelege læreplassar, og framtidige arbeidsplassar, vert gjort kjent for søkjarane. Dette skal gjerast i samarbeid med partane i næringslivet. Hordaland fylkeskommune har òg eit stort ansvar for at det er god samanheng mellom næringslivet sine behov og talet på plassar på dei ulike studieprogramma.
- **Karriererettleiing:** God karriererettleiing vil kunne bidra til betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter arbeidskraft i den regionale arbeidsmarknaden. Eit særtrekk ved karriererettleiing er at det både er eit verkemiddel for å utvikle den einskilde sin karrierekompetanse og for at arbeidslivet skal få tilgang til den kompetansen dei har behov for. Dette krev betre samarbeid mellom utdanningsaktørar, arbeidslivet og offentlege myndigheiter.
- **Resultatmål:**
  - Auke talet på personar som tek fagbrev, med særskilt fokus på etterspurte fagutdanningar
  - Auke talet på godkjente lærebedrifter, særleg innan fagområder som er etterspurt av næringslivet.
  - Etablering av nye studietilbod innan høgare utdanning i tråd med behov i næringslivet.
  - Auke talet på personar med doktorgrad i næringslivet.

## Innsatsområder i 2018-2019

### Opplæring og utdanning:

- Bidra til å involvere næringslivet i utvikling av nye utdanningstilbod, og etter- og vidareutdanningstilbod for å sikre bedriftene behov for kompetanse.
- Sikre samarbeid mellom næringsliv og skule for å bidra til at elevane vel utdanningar som næringslivet treng og som dei er motivert for å gjennomføre.
- Stimulere til utvikling og bruk av Fagskulane.
- Leggje til rette for vaksenopplæring ut frå behova til arbeids- og næringslivet.
- Sikre at tilbydar i fylkeskommunale anbod er godkjent lærebedrift og har lærlingar.
- Bidra til å styrke utdanning som kan bidra til «grøn konkurransekraft» i næringslivet og reduserte klimagassutslepp t.d. innan «grøn» teknolog, bioøkonomi, fornybar energi, energioptimalisering.
- Utvikle gode samarbeidsformer mellom utdanningsaktørar, arbeidslivet og offentlege myndigheiter både lokalt og bransjevis.

### Internasjonalt samarbeid :

- Støtte initiativ og søknader om EU-midlar til samfunnsutvikling, næringsutvikling, kompetansebygging og grøn omstilling.
- Stimulera til tverrsektorielt internasjonalt samarbeid og erfaringsutveksling mellom anna gjennom ERASMUS+.



# Hovudstrategi - Heilskapleg samfunnsutvikling

Framtidig vekst vil stort sett komme i og omkring Bergen, samt i og omkring knutepunkt og regionsenter i regionane. Dei sysselsettingsintensive næringane, som ofte er kompetansearbeidsplassar, bør liggje i konsentrerte delar av by- og tettstadsstrukturane i regionen for å få ein god samanheng mellom bu- og arbeidsområde. Dei arealkrevjande arbeidsplassane bør etablerast på stader som ligg langs hovudinnfartsårene, og ikkje langt frå regionsentera/knutepunkta.

Fylkeskommunen som regional samfunnsutviklar skal i framtida i ennå større grad ta ansvar for eit heilskapleg integreringsarbeid i regionen, og regionen skal vere attraktiv og berekraftig der god folkehelse er førande i all samfunnsutvikling. Vidare skal fylkeskommunen bidra til ein meir innovativ offentleg sektor som kan løyse nye og krevjande samfunns- og tenesteutfordringar i åra som kjem.

- **Bergensregionen.** Ein velfungerande Bergensregion er avhengig av betre trafikale forhold, både til nærliggjande kommunar og til resten av Vestlandet. Det er viktig at kommunane planlegg for framtidens næringsareal på ein berekraftig måte på tvers av kommunegrensene. Ei positiv utvikling innan samferdsle og næringsareal vil gje regionen meir effektiv tilgjenge til nasjonale og internasjonale marknader og auka attraksjon i desse marknadane. I dei komande åra er det venta stor vekst, særleg langs kysten av Hordaland, og dette krev god planlegging.
- **Attraktive regionsenter.** Å utvikle attraktive regionsenter vil vere ein sentral del av ein politikk for balansert regional næringsutvikling i Hordaland. Skal eit regionsenter i distrikta trekke til seg verksemder og kompetansearbeidskraft, er større fagmiljø og eit mangfald av arbeidsgjevarar ein viktig føresetnad. Eit slikt regionalt senter skal også fungere som ein vekstimpuls for ein større region. Det er difor viktig å ha fokus på heile bu- og arbeidsmarknadsregionen.

## Resultatmål:

- Få alle regionar i fylket inn blant dei 50% beste regionane i NHO sitt Nærings NM
- Auke næringsarealreserven i fylket

## Innsatsområder i 2018-2019

### Regional nærings- og samfunnsutvikling:

- Styrka brei samhandling og utviklingsprosessar på tvers av miljø og sektorar, og bidra til samspel mellom kommune, region og stat for å få ei positiv utvikling i kommunane.
- Bidra til ein meir innovativ offentleg sektor gjennom mobilisering til gode FoU-prosessar, særleg i kommunane.

### Bergensregionen:

- Samhandling med Bergen kommune om berekraftig utvikling av byen som motor for Vestlandet.
- Bidra til å dokumentere næringslivet sine areal- og transportbehov i Bergensregionen.

### Regionsenter:

- Styrke regionsenter gjennom satsing på næringsutvikling, miljøvenlege transport- og logistikkordningar, og berekraftige bu- og arbeidsområde som fremjar livskvalitet og folkehelse.
- Samordning av offentlege verksemder.

### Lokalsamfunnsutvikling:

- Gjennom «LivOGLyst-metoden» satse på utvikling av lokalsamfunn med brei medverknad.
- Styrke kommunane, næringslivet og frivillige i arbeidet med integrering av innvandrarak gjennom nettverkssamlingar, erfaringsutveksling og kompetansebygging. Innsatsen med å få flyktingar ut i arbeid må i hovudsak skje gjennom å satse på etablerte partar og strukturar.



# Bransjar med særskilt fokus

For at Hordaland skal utvikla ein posisjon som ein innovativ region i Europa er det viktig at bransjar der fylket har særlege føremoner knytt til vekstpotensial, innovasjonsevne, internasjonal konkurransekraft og evne til omstilling, har særskilt fokus. Dette er næringer som energi, maritim, marin og reiseliv. I tillegg vert landbruk og lokal mat, som ei viktig distriktsnæring og media- og kulturbasert næringsliv som har stor innovativ kraft, teken med.

## Innsatsområder i 2018 og 2019

### Energinæringer:

- Energieffektivisering og miljøvenlege energiformer.
- Auka konkurransekraft i leverandørindustrien knytt til petroleumsnæringa, for å møte omstillingsutfordringane.

### Maritime næringer:

- Hordaland som føregangsfylke for bærekraftig skipsfart og satsing på maritim miljøteknologi.
- Hydrogen frå fornybare kjelder som maritimt drivstoff.

### Marin sektor:

- Vekst innan fiskeri og havbruk og styrking av berekraft i heile verdikjeda.
- Sikre havbruksnæringa areal for berekraftig vekst og utvikling.

### Reiseliv:

- Sikre lønsemda i reiselivsnæringane gjennom tiltak vedteke i *Reiselivsstrategi for Vestlandet*.
- Saumlause løysningar for kollektivtransport på Vestlandet.

### Landbruk og lokal mat:

- Følge opp Regional matstrategi og UNESCO Creative City of Gastronomy med tanke på å utvikle bærekraftige produksjoner og verdikjeder for mjølk, kjøtt og frukt i regionen. Særleg fokus på auka småskala matproduksjon i relasjon til kultursektor, marin sektor og reiseliv.
- Vekst i berekraftig uttak av skog, samt auka lokal bruk og bearbeiding av trevirke.
- Bidra til utvikling av stabil og produktiv skog som klimatilpasningstiltak, herunder vern mot flom og ras.

### Medie- og kulturbasert næringsliv:

- Vekst i verdiskapinga i kultursektoren som grunnlag for auka busetting i distrikta.
- Skape internasjonale samarbeidsprosjekt og utvikle verdiskapinga i mediebransje og kulturnæringer, t.d. innan internasjonale filmproduksjonar, musikkbransjen og innan design og visuell kunstproduksjon.



# Budsjett for 2018

Den totale økonomiske ramma i Handlingsprogrammet 2018 er 62 902 000 kroner. Nedanfor følgjer forklarende kommentarar til dei ulike budsjettområda og budsjettpostane. Sjølve budsjettet er vist på neste side. For samanlikning er budsjett frå 2017 tatt med.

## A. Bedriftsretta låne og tilskotsordningar i distrikta

Fylkeskommunen overfører eit årleg beløp til Innovasjon Norge (IN) som er øyremerka bedriftsretta tiltak. Denne overføringa er i 2018 på 23 440 000 kroner. Midlar til bedriftsretta tiltak var i 2017 på 23,5 millionar kroner. Målgruppa for midlane er bedrifter og entreprenørar i verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte. I oppdragsbrevet frå Hordaland fylkeskommune til Innovasjon Norge blir krav og forventingar formulert.

## B. Tilrettelegging for næringsutvikling

Verkemidlane som er lagt inn under denne hovudposten og fordelt på delpostane B-1 til B-9. Dette er søkbare midlar, tilskotsordningar og program forvalta av fylkeskommunen på til saman 22 068 000 kroner.

Dei søkbare midlane er på totalt 19 718 000 kroner. Desse rettar seg mot dei prioriterte innsatsområda frå næringsplanen: *Entreprenørskap og innovasjon, Relevant kompetanse og Bergensregionen, Regionsenter og lokalsamfunnsutvikling*, ein felles post for tiltak retta mot *bransjar med særleg fokus i Hordaland og ein for klimaretta tiltak*. 1.25 mill. kroner er øyremerkt til prosjekt innan klimaretta tiltak i næringslivet (B-5), e1,5 mill. kroner er øyremerkt grøn konkurransekraft (B6) og 1,5 mill. kroner er øyremerkt integrering (B-7). Dei tematiske satsingane innan dei ulike områda er formulert i eigne kapittel i dette dokumentet.

Posten B-8 er øyremerka midlar til program. Det er sett av 450 000 kroner til Mobiforsk, som erstattar den tidlegare ordninga Virkemiddel for Regional Innovasjon (VRI) i Hordaland. Ordninga er kopla opp mot RFF Vestlandet for å styrke forskning, innovasjon som bidrag til omstilling. 1,9 mill. kroner er øyremerka midlar til samarbeidsaktørar i post B-9.

## C. Regionale etablerarfond

Det er avsett 3 mill. kroner til dei regionale etablerarfonda. Desse midlane er fordelte til samarbeids-partnarar slik at Sunnhordland får 594 000 kroner og Hardanger får 438 000 kroner. Bergensregionen, dvs. Hordland fylke utanom Sunnhordland og Hardanger, får tilgjengeleg 1 968 000 kroner.

## D. Omstilling og nyskaping

9 mill. kroner er øyremerkt omstilling i petroleumssektoren og andre aktuelle bransjar. Omstillingsutvalet – som er sett saman av NAV, Innovasjon Norge, arbeidstakar- og arbeidsgivarsida, samt posisjon og opposisjon i fylkesutvalet – er styringsgruppe for midlane som er sett av til omstilling.

## E. Forvaltning

Det er sett av 1 090 000 kroner til delvis dekking av forvaltingskostnader hos Hordaland fylkeskommune.

**Budsjett for Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling 2018**


<b>Budsjettpost</b>	<b>Budsjett 2017 NOK</b>	<b>Budsjett 2018 NOK</b>
A: Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta	<b>23 560 000</b>	<b>23 440 000</b>
A-1: Søkbare midlar forvalta av Innovasjon Norge	23 560 000	23 440 000
B: Tilrettelegging for næringsutvikling totalt	<b>27 500 000</b>	<b>22 068 000</b>
B-1: Entreprenørskap og innovasjon	6 000 000	4 300 000
B-2: Relevant kompetanse	5 000 000	4 300 000
B-3: Bergensregionen, regionsenter og lokalsamfunnsutvikling	5 000 000	3 531 000
B-4: Bransjeretta tiltak	4 300 000	3 337 000
B-5: Klimaretta tiltak	1 500 000	1 250 000
B-6: Grøn konkurransekraft		1 500 000
B-7: Integrering		1 500 000
Søkbare midlar / tilskotsordningar (sum B-1 til B-5)	21 800 000	19 718 000
B-8: Øyremerka midlar til program (sum)	1 350 000	450 000
- Mobiforsk	450 000	450 000
- Entreprenørskapssatsing i Innovasjon Norge	900 000	
B-9: Øyremerka midlar til samarbeidsaktørar	4 350 000	1 900 000
C: Regionale etablerarfond	<b>4 000 000</b>	<b>3 000 000</b>
- Bergensregionen	2 624 000	1 968 000
- Sunnhordland	792 000	594 000
- Hardanger	584 000	438 000
D: Omstilling og nyskaping	<b>9 000 000</b>	<b>13 304 000</b>
E: Forvaltning	<b>1 090 000</b>	<b>1 090 000</b>
TOTAL SUM	<b>65 150 000</b>	<b>62 902 000</b>

# Ordliste

Dette er ein oversikt og forklaring på mykje brukte uttrykk og forkortingar.

Arena	Arena-programmet tilbyr finansiell og fagleg støtte til langsiktig utvikling av regionale næringsmiljø. Formålet er å stimulere til økt innovasjon og styrka konkurransekraft basert på samarbeid mellom bedrifter, FoU- og utdanningsmiljø og offentlege utviklingsaktørar. Programmet er eigd av Innovasjon Norge, SIVA og Forskningsrådet med Innovasjon Norge som operativt hovudansvarleg.
NCE	NCE-programmet rettar seg mot dynamiske næringsklynger som har etablert systematisk samarbeid, og har potensiale for vekst i nasjonale og internasjonale marknader. Klyngene skal ha ein nasjonal posisjon innanfor sine respektive sektorar og teknologiområde. Same eigarskap som Arena, og med Innovasjon Norge som operativt hovudansvarleg.
GCE	GCE-programmet er retta mot modne klynger som allereie har eit systematisk samarbeid på strategiske områder, både i klynga, men også internasjonalt med FoU-institusjonar og andre relevante partnerar. Bedriftene i klynga skal vera ein del av ei global verdikjede, og det er stort potensiale for vekst i både nasjonale og internasjonale marknader. Same eigarskap som Arena og NCE, og med Innovasjon Norge som operativt hovudansvarleg.
Katapult	Norsk katapult er ein ordning som skal bidra til etablering og utvikling av nasjonale fleirbrukssentre til nytte for norsk næringsliv. I sentra skal bedrifter kunne teste, simulere og visualisere teknologiar, komponentar, produkt, løysingar, tenester og prosessar. Lett tilgang til ekspertise, utstyr og eigna lokale skal gjera vegen frå konseptstadiet til marknadsintroduksjon enklare. Katapult-sentra skal stimulere til meir og raskare innovasjon, samt utvikling og deling av kompetanse. Siva, Innovasjon Norge og Forskningsrådet samarbeider om Norsk katapult.
SFI	Sentre for forskingsdriven innovasjon. Skal styrke innovasjon gjennom satsing på langsiktig forskning i eit nært samarbeid mellom FoU-aktive bedrifter, framstående forskingsmiljø og Norges Forskningsråd.
IN	Innovasjon Norge
FoU	Forsking og utvikling
NFR	Norges Forskningsråd
FORREGION	NFR sitt program for å auke verdiskapinga, konkurransekrafta og omstillingsevna i heile landet. Målsettinga er å styrke kvar region sine unike moglegheiter og utfordringar.
MobiFORSK	Verkemidlar for Mobilisering til forskingsbasert innovasjon i næringslivet i Hordaland. Mellom anna finansiert programmet FORREGION – og målsettinga om å få fleire bedrifter til å bruke forskning i sitt innovasjonsarbeid.
Kapasitetsløftet	Programområde i programmet FORREGION – og målsettinga om å gjere fleire fagmiljø i FoU-institusjonane til relevante samarbeidspartar for næringslivet.
KABIS	Prosjekt under FORREGION si kapasitetsløftsatsing. «Kapasitetsløft for Bærekraftig og Innovativ Sjømatproduksjon» er innvilga støtte, Uni Reseach leiår prosjektet.
IFU	Industrielle forskings- og utviklingskontraktar er ei tilskotsordning som er administrert av Innovasjon Norge. IFU-kontraktar bidrar til å utvikle konkurransedyktige produkt i ein internasjonalt marknad, og til å utvikle industrielle nettverk og miljø.
OFU	Offentlege forskings- og utviklingskontraktar er ei tilskotsordning som er administrert av Innovasjon Norge. OFU-kontraktar skapar eit forpliktande samarbeid mellom norske leverandørbedrifter og norske offentlege verksemdar, som t.d. kommunar, fylkeskommunar, statsetatar, sjukehus og forsvaret.
Horisont 2020	Forsknings- og innovasjonsprogram i regi av EU

FHF	Fiskeri- og havbruksnærings forskningsfond
SIVA	Statsforetak eid av Nærings- og fiskeridepartementet med fokus på egedomsinvestering, innovasjon og næringsutvikling. Lokalisert i Trondheim.
INTERREG	INTERREG er EU sitt program for å fremja sosial og økonomisk integrasjon gjennom regionalt samarbeid over landegrensene.
Erasmus+	Erasmus+ er EU sitt program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett for perioden 2014-2020
UiB	Universitetet i Bergen
Ungt Entreprenørskap	Landsomfattande ideell organisasjon som arbeider med entreprenørskap i utdanning, og tilbyr ulike program frå grunnskole til høgare utdanning.
Nærings NM	NHO sin rangering av kommunane basert på nyetableringar og næringslivet si lønsemd, vekst og storleik.
KMD	Kommunal- og moderniseringsdepartementet
RFF Vestlandet	Regionale forskingsfond Vestlandet skal styrke forskning for regional innovasjon og utvikling ved å stø opp under dei prioriterte innsatsområda i regionen og mobilisere til auka FoU-innsats. Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune er saman om fondet. Fondet gir støtte til bedrifter og kommunar gjennom utlysing av regional kvalifiseringsstøtte (forprosjekt og regionale innovasjonsprosjekt (hovudprosjekt). Hordaland fylkeskommunane er vertsfylke med det administrative hovudansvaret. Dei tre fylkesordførarane deltek i fondet sitt styret



Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

